

Olje- og Energidepartementet

Dykkar ref: **Dykkar dato:** **Vår ref:** **Arkiv:** **Sakshandsamar:** **Dato:**
Kjell Johnny Kvamme 8.4.2015

Høring om endring av avtale om et felles marked for elsertifikater

Olje- og Energi departementet har sendt ut på høring ei avtale regjeringa har inngått med Sverige om den felles elsertifikat marknaden.

I vinter hadde departementet på høring ei endring av lov om elsertifikat. På norsk side er det sett ein frist for når anlegg må vere sett i drift for å delta i ordninga. I denne endringa blei det føreslått å flytte fristen med 6 eller 12 månadar. I vår høyringsuttale til denne lovendringa, peika vi på uheldige konsekvensar ved ein absolutt frist og at den svenske løysinga gjev mykje større forutsigbarheit for verksemdene som skal investere.

I regjeringa si avtale med Sverige av 13. mars 2014, artikkel 3, er det bestemt at ein ikkje skal endre fristen i denne omgang, men ta den opp til ny vurdering ved neste kontrollstasjon i 2019.

Sunnfjord Energi AS har konsesjonssøkt og planlegger Jølstra Kraftverk. Kraftverket har normalproduksjon på over 200 GWh og byggetid på 2,5 år. Den største usikkerheita i prosjektet er om vi rekk fristen i 2020. Fram til investeringsavgjersle, er framdrifta i stor grad avhengig av myndigheitene si konsesjonshandsaming.

Til slutt i artikkel 3 i avtala står det om kontrollstasjonen i 2019: *I utredningen skal det særlig vurderes hvordan muligheten til å godkjenne anlegg idriftsatt etter 2020 kan påvirke investeringsklimaet og måloppfyllelse i 2020.* For Jølstra Kraftverk og andre større prosjekt må det takast investeringsavgjersle før 2019. Vi må vurdere risikoen knytt til realisering innan fristen. Å ta fristen opp til vurdering ved kontrollstasjonen i 2019, er for seint til å gjere det meir forutsigbart for investor. Vi meiner dette vil medføre redusert utbygging i Noreg.

Med helsing
SUNNFJORD ENERGI AS


Kjell Johnny Kvamme
Prosjektleder Jølstra Kraftverk